



---

## Notat

---

Til: Laila Bjørge, Marius Flemmen Knutsen, Tore Johan Erstad, Hans Ove Kannenberg, Ingrid Raniseth

Kopi til:

Saksbehandler: Rådmann/stab/Kristin Nåmdal  
Vår referanse: 17/2270 - 1 / FE - 141, FE - 142  
Dato: 25.10.2017

---

**Emne: Areal for gjenbruksmasser typer jord, stein i kommunen**

### Tema for møte

- Organisering : Arbeidet må organiserast med arbeidsgrupper og med prosjektansvarleg for sine fagområder
- Tidsperspektiv: planen skal vere politisk behandla innan 31.12.19
- Ressurspersoner i prosjektet
- Kjent kunnskap

Arbeidet må ta utgangspunkt i gjeldane arealplan og reguleringsplaner under arbeid for å gjere ei vurdering på kvar det er behov for mindre areal massehåndtering, større områder?

- Kva eksterne deltakere kan vi bruke i prosessen? Vi må arbeide i tett dialog med grunneigare / Fylkesmannen/ regionrådet

Det var kalla inn til møte med fagfolk for oppstart av arbeidet. Under er det oppsummert kva vi drøfta.

### **Referat frå møte den 19 oktober 2017**

#### Tidsperspektiv:

Planen skal vere politisk behandla innan 31.12.19

#### Organisering av arbeidet:

Kristin Nåmdal er prosjektansvarleg for rullering av arealdel på deltema. Marius Flemmen Knutsen blir fagansvarleg for arbeidet og har ansvar for å følgje opp beslutningar gjort i arbeidsgruppa.

#### Tema og omfang av planarbeidet

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Arbeidsgruppa drøfta kva nivå vi skal legge oss på i arbeidet.

Massehåndtering kan vere ulike ting, vi vil vurdere på areal knytt opp mot reguleringplaner som skal utviklast.

Statens vegvesen har fleire store reguleringsplaner knytt opp mot tiltak i Nordhordlandspakken, plassering av overskotsmasser er ein sentral del av dette arbeidet.

Kva omfang vi vel å legge oss på, vil ha konsekvenser for kva arealformål skal vi bruke i plandokumentet. Størrelse på områda avgjer om det blir plankrav eller ikkje.

Føresegnene blir eit viktig styringsverktøy for byggesak. Vi må jobbe grundig med utforming av desse.

KU -konsekvensutreiing er ein utfordring i forhold til planarbeidet, det kan vere krevande å gjere KU.

Til dømes må risiko for avrenning vurderast. Kulturmiljø er ein viktig del av arbeidet, her er kulturvernplanen eit styringsverktøy Eirik Utne må inn i arbeidet på dette tema.

Kva skjer med områder for massehåndtering når arbeidet er ferdig? Skal dei attførast? kva er tidshorisont på områda som har eit mindre omfang?

#### Medverknad/ framdrift

Me ber om innspel frå bøndene, knytt opp mot planprogrammet som er på høyring.

Vi inviterer til temamøte med landbruket om det vidare arbeidet med planen i desember?

2 november inviterer fylkesmannen til møte om tema, deler av gruppa deltek på møte.

#### Ressurspersoner i prosjektet

Massehåndtering i plan er relativt nytt. Kven har kompetanse som vi kan søke informasjon hos?

Austerheim kommune har gjort dette. Vi må ta kontakt med dei.

Asplan viak har ein som har jobber med dette, kan vi leige han til deler av arbeidet?

Gruppa ynskjer meir kunnskap om arbeid med KU, Kristin ser om vi kan ha eit fellesmøte om KU - arbeid i organisasjonen.

#### Analyseverktøy/GIS arbeid

Analyseverktøy i data- Norkart tiltaksanalyse kr. 40 000,-

Det er eit verktøy som vil gjere KU enklere. Hans Ove skjekker meir ut bruken av dette.